

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Knarvik, 29. august 2024

Vedr høringsuttale frå Modalen kommune til søknad frå Statnett der dei søker om å få byggja nye Krossdal transformatorstasjon ved Krossen/Nygaard i Modalen kommune

Regionrådet Nordhordland viser til at NVE har motteke søknad frå Statnett der dei søker om å få byggja nye Krossdal transformatorstasjon ved Krossen/Nygaard i Modalen kommune. Anlegget er eit viktig knutepunkt i nettet, og bind saman kraftoverføringa i frå Sogn, Evanger og vidare mot Bergensregionen. I høve tiltaket søker også EVINY FORNYBAR AS om spenningsoppgradering av Nygaard Pumpekraftverk under NVE sitt saksnummer: 2023 03592

Regionrådet Nordhordland viser vidare til høringsuttale frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune. Regionrådet stiller seg bak uttalen til Modalen kommune og vil i tillegg presisera at det er viktig at Statnett legg til rette for ny fornybar kraftproduksjon når dei bygger ut liner i regionen.

Det er særst viktig for kommunane i regionen at forsyningssikkerheita lokalt ute i kommunane vert oppretthalde, og ikkje berre regionalt og nasjonalt. Statnett må også leggja til rette for at distrikta kan utvikla t.d. småkraftpotensialet som i dette tilfellet i Modalen er til nytte for heile regionen. Dette er tiltak som er i tråd med oppdatert og ønska samfunnsutvikling frå regjeringa (NOU 2023:3). I søknaden frå Statnett vert det peika på deira samfunnsoppdrag; *«gjennom ein effektiv utvikling av nettet er målet å bidra til økt verdiskaping, legge til rette for reduserte klimagassutslepp og oppretthalde en sikker strømforsyning»*.

Modalen og andre kommunar i Nordhordland har historisk lagt til rette for – og stilt store areal til disposisjon for fellesskapet gjennom dei vasskraftutbyggingar som er gjort i kommunane, med tilhøyrande nettanlegg, vegar og anlegg. Når ein oppgraderer anlegg og evt. byggjer nye liner, er det viktig å leggja til rette for at også desse kommunane kan kopla seg på, og få utnytta t.d. småkraftpotensialet eller anna ny kraftproduksjon dersom det er ønskeleg og elles ligg til rette for det.

Regionrådet Nordhordland består av medlemskommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Med venleg helsing



Lars Fjeldstad

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Høyringsuttale frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Kopi:

Kommunane i Region Nordhordland

Vestland fylkeskommune

Nordhordland Næringslag

Invest in Bergen